



# Partiprogram 2023–2027



Bømlo Høgre

# Valprogram for Bømlo Høgre for perioden 2023–2027

## LOKALDEMOKRATI

Høgre er eit liberalkonservativt framstegsparti. Det betyr at me trur på gradvis endring til det betre og at samfunnet er bygd nedanfrå og opp. I praksis vil dette sei at me meiner at kommunen er til for innbyggjarane og ikkje motsett.

Bømlo Høgre jobber for at Bømlo skal vera ein Ja-kommune. Ein kommune som ser mogelegheitene og ikkje berre utfordringane. Ein Ja-kommune skal vera positiv og møta innbyggjarane med god rettleiing, klart språk og positivitet.

Bømlo Høgre meiner at kommunen er ein del av fellesskapet, ikkje heile fellesskapet. Det er folk, enkeltpersonar og familiar, som utgjer fellesskapet. Kommunen skal vera ein aktør som saman med alle dei store og små fellesskapa på øya skapar ein god og attraktiv kommune.

Bømlo består av mange grender, og delsentre derfor må ein legge til rette for vekst og utvikling i heile kommunen.

### **Bømlo Høgre går inn for:**

- Bømlo skal vera ein innbyggjarorientert «JA kommune» og skal vera positive til lokale initiativ.
- Bømlo skal vera ein god og attraktiv kommune å bu, arbeide, feriera og flytta til.
- Ordføraren skal vera godt synleg og lett tilgjengeleg

- Innbyggjarar skal møtast med klart språk og god rettleiing i møte med kommunen
- Styrka kontrollutvalet for å sikre tillit og intern kontroll
- Bømlo Kommune skal vektlegge sosial berekraft og like mogelegheiter for alle.
- Bømlo Høgre skal vera opne og tilgjengelege for allmenta.
- Sikra innbyggjarane reell medverknad og eigarskap til kommunale planer
- Legge til rette for vekst i alle kommunedelsentra og kommunesenteret.

## **OPPVEKST**

Oppvekst er ei av kjerneoppgåvene til ein kommune. Kommunane har ansvar for å tilby barnehage, barneskule og ungdomsskule. Bømlo Høgre meiner at alle skal ha like mogelegheiter til å lukkast. Då er ein god oppvekst viktig.

Me er alle forskjellige. Dette tyder at det ikkje er alle som passar inn i ein A4 skule. Nokon treng ekstra hjelp, medan andre treng ekstra utfordringar. Bømlo Høgre meiner derfor at elevane skal få nivåtilpassa undervisning. Det er behov for ein ungdomsskulereform i Noreg. Høgre meiner at ingen elevar skal kunne gå ut av grunnskulen utan grunnleggande ferdigheitar som lesing, skriving og rekning.

Lærarar og dei tilsette i skulen er nøkkelen til ein god skule for elevane våre. Bømlo Høgre meiner at for å ta vare på dei gode lærarkreftene me har så må me investere. Me må leggje til rette for at dei får utvikla seg og ta i bruk nye verktøy for å skape ein enda betre skule.

Oppvekst handlar ikkje berre om skule og utdanning. Det er heile pakken som tel. Både på godt og på vondt. Trendane me ser med mobbing, mental helse og rusbruk er ikkje gode. Diverre sitt ingen enkeltetat på nøkkelen til å løyse disse problema. Bømlo Høgre meiner at sjølv om dette er eit ansvar alle har, så må kommunen stille opp med sitt gjennom mellom anna ei god skulehelseteneste og førebyggjande arbeid.

**Bømlo Høgre går inn for:**

- Systematisk arbeide for at alle elevar har grunnleggande ferdigheitar ved avslutta skulegang.
- Investering i etter- og vidareutdanning av lærarane våre
- Fritidskortet skal vidareførast slik at alle barn og ungdommar kan delta på idretts- og kulturtilbod.
- Sikre ein god skulestruktur for elevane.
- Betre integreringstilbodet
- Styrkje skulehelsetenesta med særleg fokus på mental helse og rusførebyggjande arbeid.
- Setje fokus på ekstra innsats i ungdomsskulen for å sikra god overgang til vidaregåande utdanning
- Digitalisering blant tilsette og elevar i skulen skal styrkast etter behov.
- Sikre at alle elever får tilbod om nivåtilpassa undervisning uavhengig av kva skule dei går på.
- Nulltoleranse for mobbing i skulen
- Styrka kollektivtilbodet. Særleg på ungdommane sine premisser.
- Behalde og styrkje eit fullverdig vidaregåande opplæringstilbod på Bømlo
- Det skal vera lettare å velje praktiske fag i ungdomsskulen
- Meir midlar til ungdomsarbeid og styrkje Ungdomsrådet.

## **KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIGHEIT**

På Bømlo er me privilegerte med mange eldsjeler som står på. Mangfald i frivilligheita er ein verdi i seg sjølv og må vidareførast og prioriterast, også i kommunale planar på dette området. Det er frivilligheita som best veit kor skoen trykker, og som har dei beste løysingane. For Bømlo Høgre er det viktig at kommunen er ein god partner for frivilligheita.

## **Bømlo Høgre går inn for:**

- Styrkje rammevilkåra for frivillige lag og organisasjonar
- Styrkje ordninga med grendautval og sikre aktiv kommunikasjon med kommuneadministrasjonen og lokalpolitikarar
- Medverke til at utøving av musikk og teater får gode rammevilkår
- Oppretthalde tilbodet i Kulturskulen
- Stimulere til utvikling og vedlikehald av turløyper i heile kommunen
- Leggje til rette for at alle lag og organisasjonar kan få rettleiing ved søknad om offentlege midlar.
- Leggje til rette for å auke kapasitet på idretts -og nærmiljøanlegg i kommunen
- Støtte opp om at riksjubileet, Moster 2024 vert ei nasjonal, regional og lokal storhending.
- Leggje til rette for at kyrkjeleg fellesråd får formålstenlege lokaler og økonomiske ressurser til å oppretthalde dagens aktivitet.
- Arbeide for å få Geopark Sunnhordland inn på statsbudsjettet.
- Styrkje lokale og regionale kulturarenaer, som til dømes Moster Amfi.

## **HELSE OG OMSORG**

Me er inne i ei brytningstid. Store omstillingar er i anmarsj og me må rusta oss for framtida. Me får nye utfordringar, men også nye mogelegheiter. Endra demografi, strammare økonomi og eit skiftande klima tvinger oss til å tenke nytt. For Bømlo Høgre er det viktig at me tar alle gode krefter i bruk i denne omstillinga.

Det er store ressursar der ute. Pensjonistar er friskare og raskare enn nokon gong. Mange i arbeidsfør alder står utanfor arbeidslivet med eit ynskje om å bidra. Samt at det er mykje hjarterom i frivilligheita. Bømlo Høgre ynskjer at alle gode krefter skal sleppa til. Derfor vil me sjå på måter der fleire kan bidra i tillegg til kommunal tenesteproduksjon.

Det er ikkje lenger mogeleg å løyse alle problem med å tilsette fleire. Demografiske endringar gjer at det blir stadig færre i arbeidsfør alder. Me må tenke nytt i måten me arbeider på. Me må ha ein gjennomgang av kva yrkesgrupper som gjer kva oppgåver. Samtidig må me som arbeidsgjevar ta vare på dei som jobber i helse og omsorgssektoren, dei varme hendene.

Eit sentralt mål med «leve heile livet»-reforma er å gje ein verdig alderdom. Bømlo Høgre meiner det er viktig å leggja opp til at flest mogeleg av dei som kan får bu lengst mogeleg heima, men at alle skal få den hjelpa dei treng når dei treng det. Me ynskjer meir fokus på tidleg og førebyggjande omsorg.

Utanforskap er eit stadig større problem. Det er mange som av forskjellige grunnar ikkje finn sin plass i samfunnet. Grunnane kan vera alt frå psykiske eller somatiske lidingar til rusproblematikk. Eller at ein berre treng litt hjelp eller tilrettelegging. Dette er ikkje eit enkelt problem å løyse, men me meiner at fokus på behandling og førebygging er viktig for å inkludere alle. Me ynskjer derfor mellom anna å oppretthalda gode tilbod som Nyving.

### **Bømlo Høgre går inn for:**

- Ein meir aldersvennleg kommune der valfridom, verdigheit og tryggleik står i sentrum
- Sikre at alle eldre skal kunne bu heime så lenge det let seg gjera, og få den hjelpa dei treng når dei treng det.
- Å leggje til rette for meir inkludering og hindra utanforskap
- Styrke førebyggjande arbeid innan rus og psykiatri, samt auke satsinga på lågterskeltilbod som Nyving
- Sikre eit tenestetilbodet etter den einskilde behov.
- Leggje til rette for at eldre som ynskjer det kan bidra i arbeidslivet og i frivillig arbeid.
- Styrke dei kommunale tenestene for psykisk helse. Arbeide for eit lågterskeltilbod for psykisk helse.
- Sette av midler til å sikra rekruttering av nok legar.

- Auke satsinga på førebyggjande heimebesøk og ta i bruk meir velferdsteknologi
- Bli ein «Heilt med kommune» for å gje fleire mogelegheit til å bidra i ordinært arbeidsliv
- Arbeide for større stillingsheimlar og eit konkurransedyktig lønnsnivå i helsesektoren
- Opna for ulike typar arbeidstidsordningar for helsepersonell
- Å styrkje rehabiliteringstenesta i kommunen
- Etablere betre tverrfagleg samhandling mellom kommunen og pasientar
- Arbeide for at frivilligheita blir et viktig supplement til helse og omsorgstenestene
- Arbeide for ein pårørandestrategi.

## **TRIVSEL, AREAL OG MILJØ**

Ei av dei viktigaste oppgåvene ein kommune har er samfunnsutvikling. Samstundes er det sterke føringar frå statleg og fylkeskommunalt hald. Bømlo Høgre meiner at me må bruke det lokale handlingsrommet me har til å ta heile kommunen i bruk. Det er trass alt innbyggjarane som best veit korleis samfunnet bør utvikla seg.

Samstundes er det ein grunnleggande konservativ haldning å ynskje å bevare naturen. Bømlo har i aller høgste grad mykje flott natur som er verdt å ta vare på. Det er viktig at me kan bruke den flotte naturen. Derfor er det viktig å mellom anna sikre tilgangen til sjø og hindre attgroing.

Klimaendringar er eit globalt problem. Likevel kjem klimaendringane til å påverka oss på Bømlo også. Været blir villare og våtare. Derfor må me jobba for å redusera klimagassutslepp både her heime og der ute. Berre på Bømlo har me mange flotte prosjekter innan grøn skipsfart og industri som vil bidra til å redusera klimagassutslepp over heile verda. Klima har me alle felles og derfor må heile samfunnet bidra.



## **Bømlo Høgre går inn for:**

- Sikre tilgang til sjø, badestader og båtplasser
- Det skal vera lettast mogleg for rørslehemma å nytte heile kommunen.
- Kutte i utsleppa, men ikkje i utviklinga
- Fjerne plankrav i strandsona
- Gjere det enklare å nytte fritidsbustad som heilårsbustad såframt dei tilfredsstillar nyare byggtekniske krav.
- Auke innsatsen for å hindre attgroing av Bømlo
- Vurdera gjenbruk av kommunale bygg
- Sikre ei god og framsynt bruk av BUS tomta
- Auke den lokale sjølvråderetten i strandsona
- Enklere sakshandsaming ved restaurering/riving av gamle naust
- Leggje til rette for bustadbygging i heile kommunen, også i sjønære områder.
- Leggje til rette for lokal produksjon av mat og drikke.

## **NÆRINGSUTVIKLING**

Bømlo har eit framoverlent og variert næringsliv. Me har alt frå industri og varehandel til sjøfart og havbruk. Dette medfører at me har fleire bein å stå på. Skal me framleis ha det slik må me leggje til rette for det næringslivet me har, tiltrekke oss nye bedrifter og støtte gründerverksemdar. For å få til dette føreslår me å løfte det kommunale næringsfondet.

Bømlo Høgre ynskjer ein næringsnøytral politikk. Det betyr at me legg til rette for alle som vil driva næring, utan å vri konkurransen i ein eller anna retning. Ein viktig måte å gjera dette på er å sikre at det er nok næringsareal, eit godt vegnett og ikkje minst god tilgang på energi.

Me har eit høgteknologisk næringsliv på Bømlo. Mellom anna rundt havbruk, grøn skipsfart, industri og teknologi har me store viktige prosjekt som vil påverka langt utover kommunen sine grenser. Næringslivet står aldri stille, og nye idear venter i



bresjen. For at dagens gode idear kan bli morgondagens hjørnesteinsbedrifter må kommunen vera ein medspelar og ikkje ein motspelar. Det kommunale næringsfondet kan vera eit slikt verktøy. Med næringsfondet kan kommunen støtta gründerverksemdar, nye initiativ og grøne arbeidsplassar.

### **Bømlo Høgre går inn for:**

- Sikre tilstrekkeleg og stabil energitilførsel til kommunen i framtida
- Gje næringslivet gode vilkår for utvikling
- Jobbe mot grunnrenteskatt på havbruk
- Løfte det kommunale næringsfondet
- Stimulere til ungt entreprenørskap
- Det skal vera lett å starte og drive verksemd på Bømlo
- Forenkle søknadsprosessen for små private vindmøller og solcelleanlegg
- Leggje til rette for kårbygning og industriutvikling i fiskerihamna
- Arbeide for ei auka satsing innan turisme
- Arbeide for ei vidareutvikling av industriareala i kommunen
- Fakta -og fagorientert tilnærming i spørsmål om kjernekraftverk
- Legga til rette for primærnæringane.
- Legge til rette for fleire lærlingplassar, særleg i offentleg sektor.

## **SAMFERDSEL**

Bømlo er ein langstrakt kommune med store avstandar. Skal me ta heile kommunen i bruk så må me kunne komme oss frå ein del til ein annan raskt og enkelt. Me har over mange år jobba hardt for å rusta opp vegnettet i kommunen. Sjølv om Bømlopakke 2 er på oppløpssida er det framleis behov for investeringar og opprusting, spesielt trafikksikring. Bømlo Høgre vil jobbe for at vegnettet i kommunen blir enda betre.

Det er fleire viktige vegprosjekt i vår region. Ferjefri E39 mellom Bergen og Stavanger er truleg eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta for vår region på mange tiår. Eit nytt løp i Bømlafjordtunnelen vil betre både sikkerheita og beredskapen, men det er

viktig å sikre at det nye løpet går parallelt med det eksisterande. E134 er hovudstamvegen mellom aust og vest. Opprusting av denne vegen vil gjera vegen tryggare, reisetida kortare, men også redusera klimagassutslepp gjennom lågare drivstoffbruk. Det er nokon som trur at dårlege vegar er god miljø og klimapolitikk. Dette stemmer ikkje. Dårlige vegar er berre dårlege vegar.

Me som bur på ei øy treng eit kollektivtilbod som lar oss komme av og på øya. Ferjesambandet Langevåg-Buavåg, samt snøggåttane til Espevær og Bergen er livslinjer mange er avhengige av i kvardagen. Bømlo Høgre kjem til å jobbe for å bevare disse.

Kollektiv er ikkje berre båt. Busstilbodet på Bømlo har store forbetningspotensial. For at innbyggjarar utan bil, som til dømes unge, skal kunne nytte alle dei flotte mogelegheitene som finnes i regionen treng me fleire avgangar og betre korrespondanse. Dette er eit problem me må løysa i fellesskap med Vestland fylke.

### **Bømlo Høgre går inn for :**

- Sikra gjennomføring av Bømlopakke 2
- Støtta opp under arbeidet med rask realisering av nye riksvegar i regionen som E39 Hordfast og E134
- Betre beredskapen ved tunell- og brustenging
- Styrkje det interne busstilbodet mellom dei ulike delsentra, og sikre korresponderende tilbod.
- Trafikksikker skuleveg
- Sikra eit godt og rimelegare snøggåtttilbod til Espevær og Rubbestadneset
- Arbeide for at ny Bømlafjordtunnel vert lagd parallelt med den eksisterande tunnelen.
- Etablere ein eigen vegplan for det kommunale vegnettet
- Auke tilbodet på ferjesambandet Langevåg – Buavåg
- Styrkje vedlikehaldet av kommunale vegar.
- Jobbe for betre parkeringstilhøve i Eidesvik.

## ØKONOMI

Den økonomiske situasjonen Bømlo Kommune står i er pressa. Dette er ikkje unikt for oss, men er noko som heile Kommune-Noreg slit med. Likevel er det ikkje kor mykje pengar kommunen har på bok som styrer kva som er ein god økonomisk politikk. Når stadig fleire slit med å få privatøkonomien til å gå opp er det direkte uansvarleg å sende rekninga til innbyggjarane. Derfor arbeider Bømlo Høgre for å halde kommunale avgifter på lågast mogeleg nivå, samt å redusera eigedomsskatten med mål om å fjerne den.

For å få til dette er det viktig å få ned kostnadsnivået. Det er fleire måter å jobba med dette på. For det første er det viktig å vera ein god arbeidsgivar. Til dømes, viss me klare å få ned sjukefråværet så auker produktiviteten og kostnadsnivået blir redusert. For det andre må me bli flinkare til å bruke att framfor å investere i nytt. Gjenbruk av kommunale bygg er ikkje berre lønnsamt økonomisk, men også klima- og miljøvennleg. For det tredje, er det viktig å ha ei god finansforvaltning. Me må sette tæring etter næring og låne mindre for å finansiere nye investeringer. Derfor ynskjer Bømlo Høgre ein handlingsregel om kor mykje av ei investering som kan finansierast med lån.

### **Bømlo Høgre går inn for:**

- Kommunale avgifter og skattar på eit lågast mogeleg nivå
- Fortsetje å arbeide for at eigedomsskatten vert redusert og på sikt fjernast heilt.
- Aktiv seniorpolitikk for dei kommunalt tilsette
- Fleire heiltidsstillingar og reduksjon av ufrivillig deltid
- Jobbe med konkrete tiltak for å redusere sjukefraværet.
- Interkommunalt samarbeid på områder der felles løysingar vil vera til det beste for innbyggjarane
- Effektivt forvalte kommunal lånegjeld og sal av kommunale eigedomar som ikkje er nytta til dagens drift

- Innføre ein handlingsregel der finansiering av kommunale investeringar skal ha ein forsvarleg eigenkapitaldel
- Styrke BKE si rolle som kommunal eigedomsforvaltar
- Kvalitetssikring av avgiftsnivået på kommunale tenester som driv etter sjølvkostprinsippet.
- Sikre at kommunen fører ein ansvarleg økonomisk politikk.
- Styrkje ressursane knytt til gjeldsrådgjevar i Bømlo Kommune